

# Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 22- søndag i treeinigstida – 16. oktober 2016

Preiketekst: Luk 10,25-37

Lesetekst I: 3 Mos 19,1-2. 16-18. 33-34

Lesetekst II: Jak 2,1-9

## Meister, kva skal eg gjera

### Tekstar og tema

Samanstillinga av tekstar på denne søndagen gjev ein klar peikepinn om at her må det handle om mellommenneskelege forhold. Korleis møte kvarandre i kyrkjelyden når det er stor ulikskap i stand og stilling, eller i samfunnet når den framande innflyttaren bankar på vår dør. Her kan vere rikeleg høve til å vekke det dårlege samvitet hos nokon kvar, om vi skal tale ærleg om haldningar og handlingar – eller manglande slike. Dette er vel tema som ligg opp i dagen også i preiketeksten. Men kanskje kan vi ta til i ein annan ende?

### Lukas

Lukas er forfattar av både evangeliet som ber hans namn og av Apostelgjerningane. Begge desse skrifter kan ha vorte til i samband med at Paulus vart trekt for retten, og begge ber preg av både å vere misjonsskrift og forsvarsskrift, skrivne av ein ikkje-jøde – med den forståing som det gjev for tilsvarande mottakarar/lesarar, men samstundes med både kjennskap og kjærleik til den jødiske samanheng og tradisjon. Lukas sine kjelder er augnevitna, samt det som Markus har samla skriftleg.

Teksten om *den miskunnsame samaritanen* høyrer til særstoffet hos Lukas, og det kan vere verd å merke seg at denne teksten også har nokre hint om tilhøvet mellom jødar og andre folkeslag.

### Samanhengen

I avsnitta før vår tekst har Jesus nettopp teke imot sine syttito utsendingar som kom glade attende, v.17 ff. Jesu jubel i Den heilage ande (v.21 ff) måtte for dei som høyrde det vere ei sterk oppleving: Høgdepunktet i Guds openberring er nådd! No er han her, Sonen som Gud har sendt til verda. Det er trua på han som gjer menneske sæle!

Så er det kanskje det som får den lov-kunnige til å ta ordet, for å setje ting på plass. Høyr her, vi har då fått Guds lov! Men du meiner kanskje nok anna er viktigare, du rabbi Jesus?

Jesus skulle setjast på prøve, fortel Lukas.

### «Meister»

Vi høyrer altså om ein læresamtale mellom ein lov-kunnig og ein annan rabbi. Språkbruken skal vise gjensidig respekt: «Meister»/ «Rabbi» - på Jesu tid ein ærestittel som vart brukt på dei lærde, dommarane, dei åndelege leiarane. I god jødisk tradisjon skal alle detaljar og konsekvensar av Lova stadig drøftast. Rabbinarane er arvtakarar av ein tolkningstradisjon som går heilt tilbake til Sinai,

den muntlege læra. Og den prosessen går føre seg kontinuerleg.

Ein kjernetekst i rabbinisk tradisjon seier:

«Moses fekk Toaren på Sinai og gav den vidare til Josva, Josva til 'dei eldste' og dei eldste til profetane. Og profetane gav den til 'mennene i den store forsamling'. Dei brukte å seia: Ver varsame med å døma. Oppdra mange disiplar og lag eit gjerde rundt Toraen.» (*Pirke Avot*).

Så treng det i første omgang ikkje vere oppsiktsvekkande at to menn med kvar sin spesielle posisjon fører ein samtale. Men 'læresamtalen' tek ei anna vending – sikkert ei ganske ubehageleg vending for han som tok initiativet, sjølv om det i første omgang ser ut for at spelet går føre seg på hans heimebane.

Det er også sjølvstilt i ein slik 'læresamtale' å ta utgangspunkt i det som står skrive, og sitere dette, før sjølve drøftinga tek til.

### **Det store og naturlege spørsmålet**

Sjølvstilt spørsmålet er klassisk, og vi finn det i ulike samanhengar i NT.

- Etter Peters pinsetale: *Då dei høyrde dette, stakk det dei i hjartet, og dei sa til Peter og dei andre apostlane: «Kva skal vi gjera, brør?»*
- Paulus og Silas i fengselet: *Og han leidde dei ut og sa: «Gode herrar! Kva skal eg gjera så eg kan bli frelst?»*

Det naturlege spørsmålet for oss menneske er jo nettopp dette: Kva skal eg *gjere* for å bli frelst / arve evig liv. Kva inneheld mi side av kontrakten med Gud? Dermed er vi på veg til temaet

### **Tru og/eller gjerningar – Gudsrelasjon / menneskelege relasjonar**

Overfor ein som er så trygg på teorien, går Jesus direkte til praksis. Unnamanøveren «kven er nesten min» vert kontant parert med eksempelfortellinga om den miskunnsame samaritane.

Å vere først på ein ulykkestad krev at ein har minimum av førstehjelpskunnskap, og det hadde kanskje både presten og levitten. Dei tente jo i tempelet, og hadde sikkert ein del kunnskap.

Og plikta til å bry seg om sine medmenneske var ikkje ukjend i jødedommen. Rabbi Hillel blir sitert slik: «Om eg ikkje tek vare på meg sjølv, kven skal då bry seg om meg? Men dersom eg berre tek vare på meg sjølv, kven er eg då? Om tida for handling ikkje er no, når er den då?» Med andre ord: *Elska nesten din som deg sjølv.*

Men kva hjelper det, dersom andre omsyn tel meir enn det å gripe inn med rett hjelp? Det var nok ikkje hastverk og viktige ærend som var hinderet. Sjølvstilt hindringa var det *å ikkje verte urein*, slik ein kunne bli om ein kom i berøring med eit lik. Det ville gå ut over dei religiøse pliktene og tenesta dei stod i. Kanskje dei kunne seie at dei dermed oppfylte i alle fall første del av det store kjærleiksbodet: *Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av all di makt og av alt ditt vit....* Det var deira oppfatning av gudsrelasjonen, og dei kom i ein umogeleg konfliktsituasjon. Eit skikkeleg dilemma.

### **Synleg i det konkrete**

Så kjem eksempelet til etterfølging, samaritanen. Jesus brukar eit krast eksempel for å få fram poenget: Den du ventar det minst av, den som står fjernast frå deg, demonstrerer Guds gode vilje, sjølvstilt intensjonen i det store kjærleiksbodet, i konkret handling.

Det kosta han både tid og pengar. To denarar skulle dekke mat og husrom for eit par veker, og var altså ikkje småpengar.

I det konkrete vert tilhøvet til *din neste* synleg, og i det konkrete vert det synleg kven som tek heile Lova på alvor, seier Jesus med dette.

## **Svar skuldig**

vart han, den lovkunnige. Svar skuldig vert også kvar den som prøver seg på gjerningar som *frelsesveg*.

Men løysinga på gåta fekk vi av Jesus rett før dagens tekst: «Eg lovar deg, Far, Herre over himmel og jord, fordi du har løynt dette for vise og forstandige, men openberra det for umyndige små....»

Joh 6: Då sa dei til han: «Kva gjerningar er det då Gud vil vi skal gjera?» Jesus svara: «Dette er den gjerninga Gud vil de skal gjera: Tru på han som Gud har sendt.»

Matt 25: «Sanneleg, eg seier dykk: Alt de ikkje gjorde mot ein av desse minste, det har de heller ikkje gjort mot meg.»

- Da jeg trengte en neste, var du der?

### **Annbjørg Eiksund Hesselberg**

Frivillig medarbeidar i Den Norske Israelsmisjon, redaktør av Prekenverkstedet.

[annbjorg.hesselberg@ntebb.no](mailto:annbjorg.hesselberg@ntebb.no)